

# EDVARD MUNCH – NATUR OG KJENSLE

Det berande grepet i dette utvalet grafiske trykk av Edvard Munch (1863–1944) er at bileta nyttar natur og landskap som metafor for eit indre kjensleliv. Medan somme av verka er reine naturskildringar syner fleirtalet enkeltpersonar og mellommenneskelege relasjonar plassert i ulike landskap. Bileta presenterer eit breitt spekter av kjensler, som melankoli og sorg, einsemd og samhald, kjærleik, attrå og sjalusi. Me finn kjente motiv frå Munch sin kunstnarskap, men i uvande og til dels eksperimentelle utføringar.

Edvard Munch er Noregs viktigaste modernist og ein av dei mest kjente kunstnarane i verda. Han står støtt i kunsthistoria ikkje berre for si evne til å formidle sinnstemningar i eit radikalt, nytt biletspråk, men òg av di han var dyktig og djerv med tanke på teknikkane han nytta og for det mangetydige i dei tilsynelatande enkle motiva hans. Naturskildringar har ein særskild plass i kunsthistoria, og Munch sine stiliserte og klåre naturmotiv var ei ny, poetisk og konkret framstilling av omgjevnadene. Det er ei av årsakene til at han har inspirert – og inspirerer – generasjonar av kunstnarar og publikum i inn- og utland.

Parallelt med si store målargjering hadde Munch ein imponerende grafisk produksjon, meir enn 15 000 trykk, laga gjennom 50 år. Handverket lærte han seg av profesjonelle trykkarar



i verkstader i Paris, København og Berlin. Gjennom utstillinga vert me presentert for det store utvalet grafiske teknikkar som Munch nytta. Breidda i teknikkar syner mangfaldet og dugleiken i Munch sin kunstnarskap, men ikkje minst at han var grensesprengande og nysgjerrig. I Munch sin grafiske produksjon finn me attende motiv han hadde arbeidd med tidlegare, men utført med nye teknikkar og difor med nytt uttrykk og nye meiningslag. Utstillinga presenterer koldnålsradering, etsing og mezzotint, tresnitt og litografi. I tillegg er fleire av verka handkolorerte.

Med *Edvard Munch – Natur og kjensle* ynskjer Kabuso å invitere publikum til ei utstilling som syner korleis mennesket er underlagt sine omgjevnader, men òg korleis menneska i sin tur fargar og formar omgjevnadane sine. Kunst er staden kor dette paradokset kjem klarast til syne, særleg hos ein så subtil og kjenslevar kunstnar som Edvard Munch. Ikkje berre vert det synleg i samankoplingane han gjer av natur og kjensler, men òg i det kreative arbeidet hans med fargar, reiskap og trykketeknikkar. Munch sine trykk vart til i spennet mellom dei naturlege avgrensingane i materialet og det kunstnaren såg at var mogleg.

Takk til Munchmuseet for lån av verk til denne utstillinga.



## EDVARD MUNCH – NATURE AND EMOTION

The artistic impulse uniting this selection of graphic prints by Edvard Munch (1863 – 1944) is the use of nature and landscape as a metaphor for inner life. While some of the works are pure depictions of nature, the majority represents individuals and human relations situated in various landscapes. The works present a broad range of emotions, from melancholy and grief, loneliness and companionship, love, desire and jealousy. We find well-known motives from Munch's oeuvre, but in unfamiliar and sometimes experimental executions.

Edvard Munch is Norway's most important modernist, and one of the most famous artists in the world. His place on the Pantheon of art history is secured not only by his ability to convey human passions in a radically new imagery, but also by his technical skills and audacity and by the multi-layered nature of his seemingly simple motifs. Depictions of nature have a special place in art history, and the stylised and clear depictions of nature by Munch were a new, poetic and concrete, representation of the world. This is but one of the reasons for his continuing influence on generations of artists and audiences at home and abroad.

While an incredible painter, Munch also carried out an impressive production of graphic prints: more than 15 000



sheets, printed over the course of 50 years. He learnt the craft from professional printers in Paris, Copenhagen and Berlin. Through this exhibition we are introduced to the great variety of techniques used by Munch. The range of techniques demonstrate Munch's versatility and skills as an artist, but not least his boldness and curiosity. In his graphic works we find motifs that Munch had developed earlier, but executed in new techniques and thus with a new appearance and new layers of meaning. The exhibition presents drypoint, etchings and mezzotint, wood cuts and lithography, and many of the pieces are hand coloured.

By showing *Edvard Munch – Nature and emotion* Kabuso wishes to invite our audience into an exhibition presenting ways in which human beings are subject to their surroundings but also how humans in their turn give form and colour to the world around them. Art is the place where this paradox is expressed the most clearly, especially in the works of an artist as subtle and emotionally fine tuned as Edvard Munch. It appears, not only in his joining together of nature and emotion, but also in his creative labour with colour, tools and printing techniques. These prints were made in the span between the natural limits of the material, and the possibilities envisioned by the artist.

We thank the Munch Museum in Oslo for lending us the works of art shown in this exhibition.